



Frå kulturhendinga i Røyrvikjo: Frå venstre Kjell Tunesvik (Humlepung), Ragnvald Myklebust (Humlepung), Finn Tore Hellesen, Rune Røyrvik, Ove Eikemo, Frode Kaldestad. Vi står i eimen av brakalog og damp av innkokinga av vørteret. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Humlepungar frå Uskedalen var tilstades då eit 20 år gammalt bryggelag vakna til liv i Røyrvikjo på Sunde.



Skiltet til inngangen. Her går det ikkje an å ta feil veg. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Det var tidleg laurdagsmorgon heime hos Rune Røyrvik i Røyrvikjo, det lukta brakalog og rauk i pipa. Han har laga til ei flott bryggestove heime i huset sitt. Denne staden har fått det fine navnet 'Knut Hill Saloon og Konferansesenter'. Navnet kjem av den store lidenskapen Rune har for hest. Denne salonen er tenkt brukt av øltørstige fintfolk i Røyrvikjo, og elles folk i den nære krins rundt Sunde, men det er i følge Rune og plass til langtfarande folk som tildømes Humlepungar frå Uskedalen.

Der har han mura opp ein flott peis med innmurt rustfri tank med tappekrane, og eit langbord av solid plank. (her går det å dansa på bordet) Noko vi Humlepungar berre kan misunna han. Rune seier at han og venen Ove Eikemo starta brygginga for 20 år sidan saman med svogeren til Ove, ein vossing. Det vart berre med den eine gongen da, men no vart tørsten så stor, og etter og ha vore på oppskåka hos Humlepungane i Uskedalen vakna iveren hjå Ove og Rune att.

Denne tidlige og vakre laurdagsmorgonen, i peisrøyken som av og til slo ut i Salonen og eimen av brakalog, hadde Rune og Ove fått med seg dei gode venene: Frode Kaldestad, og Finn Tore Hellesen. Dei har og vorte einige om at laget skal heita Avkroken Bryggjarlag.

Alarmen gjekk klokka eit minutt over elleve, då hadde eg Rune på mobiltelefonen: - Silen er tett. kva gjer me no? - Ta da med ro sa eg, Kjell Tungesvik er på veg til Røyrvikjo og da ordnar alt seg, me Humlepungar har og vore ute for dette før.

Hadde dagen før fortalt Rune at hatlepinnane skal liggja i bunnen på silen, men til min store forbauselse fann eg dei flytande oppe i silen. Kanskje eg sa feil til han, tenkte eg. Men nei. det hadde eg ikkje for da såg eg syndaren. Han stod i ein krok for seg sjølv. Det var trykkluft-tanken si skuld, han hadde blåse opp hatlepinnane.

Då situasjonen var under kontroll hadde vi Humlepungar med oss frå Uskedalen brygg laga i Humlekjedlaren på vårparten, som vart servert gutane og latteren kom fort etter dette. Me hadde ei flott hyggjestund i lag med gutane i Røyrvikjo og håpar me snart får komma att.

Dette må vera den største kulturhendinga i Røyrvikjo på lange tider vart me Humlepungar enige om då me for heim til Humlepunghålo vår i Uskedalen.

Humlepunghelsing Ragnvald Myklebust



Ove Eikemo med den olmtala silen med krane i bunn (som ei stund var tett). Han smakar på kornet som har ste til meising (perfekt).
(Foto: Ragnvald Myklebust)